

Kristen tenkning del II: Overblikk over historia

Forfattar: Johannes Keppa

Andre deler

Kristen tenkning del I: Grunnsyn

Kristen tenkning del II: Overblikk over historien

Kristen tenkning del III: Utfordringer i dag

Innhald i denne delen:

1	Innleiing	1
2	Eit riss frå antikken til moderne tid	2
2.1	Antikken og filosofien.....	2
2.2	Kristendommen og kyrkja.....	3
2.3	Opplysningsstida og naturvitenskapen	5
2.4	Darwinismen og samfunnet.....	8
2.5	Liberalteologien og vantrua	10
3	Brytningstida i Noreg rundt 1900	11
3.1	Nasjonsbygginga og kulturen.....	11
3.2	Vekkingslivet og bedehuset	12
4	Utviklinga i Noreg etter 1900	14
4.1	Framskrittstru og krig.....	14
4.2	Kristendommens plass og kristendomsangrep	17
4.3	Menneskerettane og Human-Etisk Forbund.....	19
4.4	Sekularisering og religiøsitet.....	21

1 Innleiing

Historisk sett har folk tenkt ulikt om kva som er rett og godt for mennesket og samfunnet, og ein har tenkt ulikt om forholdet til Gud og Bibelen på dette området. Det er lange tankemessige straumdrag i historia, men det er særleg nokre tankeretningar som i sterk grad har vore med og forma vårt norske samfunn slik vi kjenner det i dag.

Dette skal vi no sjå på ved nokre korte historiske riss langt tilbake i tida, for så å sjå nærmare på det som høyrer vår nære historie til. I neste del (III) vil vi så analysere dagens samfunn og vurdere det opp mot kristen tenking. I alt dette held vi oss innafor det vi nettopp har omtalt som Guds verdslege regimenter.

Sidan mennesket er skapt som åndsvesen med evne til å tenkja, tala og kommunisera går historia om menneskets tenking like tilbake til dei første menneska, og vi kan fylgja denne historia gjennom Det gamle testamentet. Av same grunn kan vi fylgja tenkingas historie så langt tilbake vi kjenner sivilisasjonen. Det skjer delvis gjennom det som gjeld gudstru og religion og delvis gjennom filosofien og litteraturen. I all tenking står mennesket og samfunnet sentralt. Vi skal no dra nokre liner frå oldtida og fram mot vår tid.

To tankeretningar

Generelt er det slik at midt i at det i filosofihistoria og samfunnstenkinga er mange og ulike tankeretningar, er det djupast sett to hovudretningar eller to ulike måtar ein orienterer tenkinga på.

Ut i fra eit fast punkt

Den eine tenkjemåten tek utgangspunkt i at det finst noko absolutt utafor mennesket, og som mennesket må orientera seg ut frå. Det finst ei sanning som mennesket må finna tak i og innretta livet etter. Dette faste punktet kan ein finna i Gud eller i sjølve naturen eller tilværet.

Ut i fra mennesket sjølve

Den andre tenkjemåten tek utgangspunkt i mennesket og erfaringa, altså i det subjektive, og har med det ikkje noko fast punkt utafor seg sjølv å tenkja ut frå, og med det heller ikkje ei absolutt sanning som ein skal få tak i og innretta seg etter. Mennesket dannar på sett og vis ved si eiga tenking sanninga og dannar si eiga oppfatning av tilværet og livet.

2 Eit riss frå antikken til moderne tid

2.1 Antikken og filosofien

Vi seier gjerne at den kristne tenkinga kjem frå Jerusalem med jødedommen, Jesus og apostlane, nedfelt i Bibelen. Den filosofiske tenkinga fører vi ofte tilbake til Hellas med Aten og Italia med Roma. Ofte går desse straumdraga saman - på ulike måtar. Eit av dei store spørsmåla er korleis vi skal tenkja om staten og styresmakta.

Sparta: staten

Rundt år 700 f. Kr. var Sparta ein sentral by for kultur, politikk og tenking. Her orienterte ein seg ut frå staten, slik at den einskilde borgaren gjekk fullstendig opp i staten. Statens posisjon og makt var det viktigaste, og individet skulle vera absolutt lydig mot staten og i alt og eitt tena denne. Difor vart også skule og oppseding gjort til ei statssak, og med det fekk foreldra og familien lite å seia.

Denne tenkjemåte finn vi opp gjennom historia att på ulike måtar og i ulik grad. Spørsmålet om statens makt kontra individet, og samfunnet kontra familien er eit viktig ideologisk spørsmål med tanke på den praktiske politikken. Vi ser dette også i vårt samfunnet, og her deler den politiske høgresida og den politiske venstresida seg. Det går på dette området ei grunnleggjande ideologisk skiljeline, der tyngdepunktet i staten og samfunnet vert sterkare til lenger ut på venstresida ein kjem - sjølv om heller ikkje venstresida går så langt som det spartanarane gjorde.

Aten: stat og individ

I Aten rådde ei anna samfunnstenking, sjølv om staten også her hadde ein viktig funksjon. Individet fekk større spelerom enn i Sparta, og med det fekk også familien større betydning. Det var ein kombinasjon av individualitet og ansvar for fellesskapet. I vårt samfunn finn vi denne vektlegginga i det politiske sentrum og ut mot høgresida.

Roma: familie

I Roma gjekk ein enda eit hakk lenger i retning individet og familien enn i Aten. I motsetnad til i Hellas oppfatta ein i Roma familien som den berande eininga i samfunnet, ikkje staten. Romarane la dessutan større vekt på det praktisk-nyttige, organisasjonsevne og - ikkje minst -

det juridiske. Her finn vi opphavet til rettsstaten. Ut frå tenkinga i Roma fekk foreldra og familien stort ansvar for oppsedinga, og vi finn privat heimeundervisning til forskjell frå offentleg skuleundervisning. I vårt samfunn finn vi særleg på den politiske høgresida og inn mot sentrum ei vektlegging som svarar til tenkinga i Roma.

I spenninga mellom statens mandat og oppgåve og individet og familien utvikla demokratiet, kulturen og oppsedinga seg. Det utvikla seg ei filosofisk tenking med sterkt vekt på fridom, der mennesket vart målestokk for alle ting. I dette tapte staten posisjon ved at lydnaden mot staten vart svekka, og det heile drog i relativistisk retning.

Det store spørsmålet vart då kva som er den objektive sanninga, og korleis vi kan få ein stabil og rettferdig stat. Det er ei problemstilling som er like aktuell 2500 år seinare!

Sokrates

Den første store filosofen var Sokrates, og han meinte at mennesket hadde sanninga inne i seg, og at ein difor måtte retta blikket innover. Gjennom rette omgrep, kunnskap og erkjenninga ville ein finna fram til denne sanninga. Det vart ein salgs jordmorkunst å løysa ut sanninga. Mykje av dagens tenking går ut på det same, ved at ein gjennom diskusjon - eller *diskurs* - skal finna fram til sanninga, og denne kan då variera ut frå ulike kunnskap, erfaring og erkjenning.

Platon

Den andre store filosofen, Platon, tenkte meir i lys av staten, og han forstod staten som eit menneske i stort format. Poenget var å sameina ein sterkt stat med individets integritet. For Platon var det ei idéverd som danna utgangspunktet for tenkinga og for kva som var sant og rett. Han fann ein dei dygdene som mennesket skulle leva i samsvar med. Han la med det til grunn ei etisk tenking som både individet og staten var forplikta på.

Aristoteles

Den tredje store filosofen var Aristoteles, og hans tenking har vore svært viktig for utviklinga i den vestleg verda. Han førte på mange vis arven frå Platon vidare, men la større vekt på dei vitskaplege sidene. Fornuft fekk ein sterkt posisjon, og målet var å leva i samsvar med naturen - og denne var av guddommeleg karakter.

Hjå Aristoteles var den sosiale samanhengen viktig, først familien og deretter staten. Mennesket vert seg sjølv gjennom kontakt med andre. Dette er problemstillingar som er aktuelle i dagens politikk og samfunn.

Arven frå Aristoteles vart særleg ført vidare i mellomalderen av Thomas Aquinas og den katolske kyrkja. Det gjeld ikkje minst forståinga av fornufta i lys av skapinga og trua på Gud. Menneskets fornuft fekk med det ein sterkt posisjon både i filosofien og i teologien. I den protestantiske kristendommen har ein ikkje tillagt fornufta same posisjonen, fordi ein ser meir radikalt på syndefallet og dei negative konsekvensane dette hadde på menneskets evne til å tenkja rett. Når et gjeld fornufta og tenkinga kom det med det ei deling i kyrkja ved reformasjonen.

2.2 Kristendommen og kyrkja

Ved Jesu fødsel hadde det i den antikke verda utvikla seg eit moralsk forfall med familieoppløysing, råskap, seksuell perversjon, fosterdrap og barnemord. Mangel på eit djupare livsinnhald gav seg utslag i ei sterk nyttingsjuke. Trass ytre glans og materiell overflod var det ei djup kjensle av pessimisme og likesæle. Her er parallellane til vår tid og vårt samfunn slåande.

Bibelen seier at Jesu Kristus vart fødd i tida si fylde, og det gjeld både at det var etter Guds plan og at tida trøng bodskapen som kom med Jesus.

Den antikke kulturen var i stor grad menneskesentrert (antroposentrisk), medan den kristne oppfatning av livet er orientert ut frå Gud (teosentrisk). Mennesket vert stilt overfor ein handlande Gud, og dette tyngdepunktet utafor det jordisk, i Gud, førte til mange endringar i måten å tenkja om livet på jorda på.

Nytt syn på mennesket

Vi har tidlegare skissert den kristne måten å tenkja om mennesket, livet og samfunnet på. Her peikar vi berre på at i møte med antikkens tenkjemåte kom det med kristendommen ei ny grunngjeving av menneskeverdet, ved at mennesket som skapt i Guds bilete har uendeleg verdi. Det gav også ein ny måte å tenkja om andre menneske på ved nestekjærleik, særleg med tanke på fosteret, barnet og dei svake i samfunnet. Det gav også eit langt meir positivt syn på fysisk arbeid, samstundes som kristentrua gav von ut over dette livet.

Oppsedinga fekk ei klar kristen målsetjinga ved å føra inn i kristen tru og kristne livsformer. Oppsedinga var i første rekke foreldra sitt ansvar, og ho føregjekk i hovudsak i heimane. Den kristne tenkinga førte til ei fornying av familielivet. Den fremste kristne tenkjar i oldkyrkja var Augustin, ikkje minst når det gjeld ei kristen historieforståing.

Einskapskulturen i middelalderen

Kampen mellom det antikke livs-, kultur- og samfunnssynet og kristendommen var ei hovudsak for kyrkjefedrane, og han resulterte i ein kristen einskapskultur i store delar av mellomalderen. Den same kampen står i stor grad mellom den såkalla postmoderne tenkinga i dag og kristen tru og tanke. Kristent sett har denne kampen vorte ekstra vanskeleg ved at barn og unge no får svært liten kristen kunnskap gjennom skulen. Oppsedinga fører med det generelt ikkje inn i kristen tru, tenking og livsførsel.

Ut gjennom mellomalderen var det annleis. Då vann kristendommen i stor grad hegmoni i tenkinga, slik at filosofien i stor grad vart gudsorientert. Dette gav kyrkja og presteskapet ein sterkt posisjon og stor makt. Mange av dei store tenkjarane og vitskapsmennene hadde ei tydeleg gudstru, sjølv om dei ikkje alltid i alt og eitt trudde og levde som kyrkja lærte. Klostra og kyrkjeskulane var sentrale i kultur- og samfunnsutviklinga. Særleg i høgmellomalderen hadde kyrkja stor øre for utviklinga av skapande krefter i den europeiske kulturen. Hovudkjelda er den bibelske skapingsfortellinga. *Eg trur for å forstå* var den kristen-filosofiske rettesnora.

Europa utvikla seg til det kristne kontinentet. Arabisk og islamsk kultur, tenking og samfunnssyn trengde i periodar på, og det førte til fleire krigar. Stort sett vann dei europeiske landa og den kristne tenkinga, men det oppstod nokre område med islamsk dominans eller påverknad. Kampen mellom islamsk og kristen tru og tenking har vorte aktualisert på nytt dei seinare åra gjennom innvandring, globalisering og media.

Gud i sentrum

Det oppstod altså i mellomalderen ein einskapskultur der det kristne gudsomgrepet var i sentrum. Alt orienterte seg ut frå Gud og hans skapar- og frelsesordningar. Som keisardømet var av Guds nåde, var teologien dronninga i vitskapen. Moralen skulle grunnast på dei ti boda, og kunsten skulle framstilla det guddommeleg i jordisk skapnad. Gud var i alt den sikre grunnen for livet, tenkinga og samfunnet. Dette var i stor grad sjølvsagt - i dag er det omtrent motsatt.

Harmoni mellom tru og tanke

Tenkinga i mellomalderen gjekk i stor grad ut på å visa at det var ein indre logisk samanheng i heile tilværet, og at mennesket ved fornufta kunne koma til denne erkjenninga via naturen. Dette grunna seg på at fornufta er gjeven oss av Gud, slik at det heller ikkje er nokon motsetnad mellom tru og tanke. Rett nok kunne det i trua vera noko som var over fornufta, men ikkje noko var mot trua.

Martin Luther

Denne tenkjemåte gjorde Martin Luther og reformasjonen delvis opprør mot, ved at han tok oppgjer både med Aristoteles` filosofi og Thomas Aquinas` teologi. Luther understreka at syndefallet også omfatta mennesket som åndsvesen og med det fornufta og tenkinga. Mennesket måtte opplysast av Guds ord i Bibelen for å kunna tenkja rett og døma om kva som var rett og galt, sant og usant - sjølv om fornufta på det reint menneskelege planet langt på veg var tilstrekkeleg.

Nye skilje

Dette førte til at Luther langt sterkare enn det som gjeld i den katolske kyrkja skilde mellom trua og fornufta, kyrkja og staten - slik vi tidlegare har gjort greie for dette knytt til regimentslæra og det kristne kultur- og samfunnssynet. Individet fekk også ein ny posisjon både i høve til kyrkja og staten, ved at det vart lagt større vekt på at den einskilde stod ansvarleg overfor Gud.

Den harmonimodellen mellom teologi og filosofi som hadde vore opp gjennom mellomalderen vart langt på veg broten, og den filosofiske tenkinga, det vitskaplege arbeidet og politikken utvikla seg etter kvart meir lausrive frå kyrkja og den kristne tenkinga. Kyrkja fekk ein meir kritisk funksjon overfor samfunnet. Slik kulturen og samfunnet i vårt land har utvikla seg den seinare tida, er denne kritiske vurderinga av det som skjer rundt oss, svært viktig for at vi skal tenkja og leva kristent.

2.3 Opplysningsstida og naturvitenskapen

Mot slutten av mellomalderen tapte kyrkja etter kvart autoritet og hegemoni i kulturen og samfunnet. Det hadde delvis med den nye teologiske tenkjemåten som kom med reformasjonen, delvis med at kyrkja hadde misbrukt makta sin og med det tapt åndeleg kraft og delvis med den generelle utviklinga i tida sin tenkjemåte å gjera. Det vokste fram ein avstand mellom kyrkja og den nye vitskapen, sjølv om motsetnaden ikkje var så stor som ein ofte vil ha det til.

Nytt verdsbilete

Sjølv om det er ein myte at folk i mellomaldren trudde at jorda var flat og at sola bokstaveleg tala gjekk opp og ned over jorda, skapte det nye naturvitenskaplege verdsbilete som no voks fram, store endringar i folks tenkjemåte og skapte problem for kyrkja. Det verdsbilete som kom med Kopernikus var på mange måtar revolusjonerande ved at sola - ikkje jorda - vart midtpunktet, og jorda berre vart ein planet blant mange. Tilsvarande miste mennesket sin sentrale posisjon på jorda ved at Darwin plasserte det blant dyra.

Nytt sentrum

Den naturvitenskapen som no voks fram, orienterte seg i stor grad ut frå matematikken, og med det i mindre grad ut får Gud. Det vart lagt vekt på det matematisk lovmessige, naturlovene og det fysiske. Dette trøng ikkje bryta med eller skapa problem for kyrkja og kristendommen eller for gudstru meir generelt, men for nokre førte det til endring i gudsoppfatninga og i den filosofiske tenkinga. Det kunne gå både i retning av at ein såg bort frå Gud og enda i ateisme eller agnostisisme, men det kunne også gje seg utslag i at ein ut frå det uendelege i naturen oppfatta denne som guddommeleg og slik fekk eit panteistisk verdsbilete. Andre heldt fast på den kristne røyndomsforståinga.

I det heile førte dette til at ein i stor grad endra tenkjemåte frå eit objektivt utgangspunkt med Gud og skapinga som sentrum og orienteringspunkt, til å tenkja ut frå erfaring og eksperiment ut frå bestemte metodar. Med det vart tenkinga meir natur- og menneskeorientert. Kyrkja og teologien vart som fylge av dette meir isolert, og samfunnet utvikla seg ut frå sin eigen dynamikk med basis i fornufta og naturvitenskapen. Vi må i stor grad forstå den moderne filosofien og tenkjemåten, og med det samfunnet, i samanheng med og i lys av utviklinga av naturvitenskapen.

Det voks fram ein nationalistisk og materialistisk tenkjemåte og ei tilsvarande livsinnstilling, der mennesket og fornufta kom i sentrum - ikkje Gud og trua. For oppsedinga førte dette til at ein tenkte at barnet skulle få utvikla seg naturleg, altså ut frå naturen utan å formast av ytre påverknad slik som Guds vilje i Bibelen. Tenkinga vart i stor grad materialistisk og nytteorientert.

Ny individualisme

Generelt voks det også fram ein ny livsstil som var meir individualistisk enn den fellesskapstenkinga som hadde prega mellomalderen. Det var også tendensar til ei verdsleggjering av livet og innstillinga til livet, slik at det religiøse tapte for det opplevingsmessige. Det skjedde ei sjølvstendiggjering av mennesket i forhold til Gud og Guds vilje. Kyrkja miste makt over individet og samfunnet. Staten vart på ein særleg måte verdsleggjort, og trua vart gjort privat og isolert til heimen og kyrkjerommet. Dette har utvikla seg til det ekstreme i vår tid.

Den utviklinga vi her har skissert var likevel ikkje einerådande, ved reformasjonen på 1500-talet kom det ei ny åndskraft inn i kyrkja, og denne blomstra ved pietismen frå omlag år 1700 og framover. Her i landet merka vi dette særleg ved Hans Nielsen Hauge og dei store vekkingane på 1800-talet og første delen av 1900-talet.

Ny søken

Europa kom inn i ei tid som var prega av både tvil og tru. Det var på mange område skarpe kontrastar og motsetnader. Dyrkinga av naturen og det jordiske var kombinert med ei intens oppleving av at alt det jordiske var forgjengeleg. Det var behov for å sameina kropp og ånd, det jordiske og det himmelske, det individuelle og det universelle. Ein leita etter samanheng

mellan det lovmessige og mekaniske i naturopfatninga og verdsbilete med det ideelle og åndelege i livet. Trua på Guds eksistens og at alt går ut frå han, gav denne heilskapen og harmonien, og difor var det ei rekkje filosofar som tenkt ut frå det. Det gjekk også store kristne vekkingar over Europa der folk kom til tru på Jesus som Frelsar og Herre.

Det viste seg at mennesket hadde behov for ein guddommeleg skapar som kunne gje mål og mening med tilværet og livet, og som kunne plassera mennesket inn i naturen som eit fritt åndsvesen med ansvar - og ikkje berre som ein viljelaus og materiell ting. Den same spenninga og tronen pregar i stor grad vår tid. Mennesket har til alle tider trong for samanheng i tilværet og mening i livet, og det gjev Bibelens openberring av Gud som Skapar og Frelsar - og trua på han.

Ny framtidstru

Fornufta har alltid stått sentralt i all tenking og filosofi, men fram til no hadde fornufta i stor grad stått i teneste for det guddommeleg og åndeleg. Det var ei objektiv og guddommeleg sanning som ein skulle finna fram til, tenkja i lys av og leva ut frå. Ved opplysningstida fekk fornufta ein meir sjølvstendig posisjon. Ho vart på sett og vis herre i menneskelivet. Tanken var at fornufta kunne forma tilværet og livet ut frå seg sjølv, og med det var det stor optimisme på fornufta sine vegner og det oppstod ei sterkt framskrittstru med utgangspunkt i mennesket.

Ut frå denne tenkjemåten trong ein ikkje openberringa i Bibelen eller kyrkja sin autoritet. Mennesket hadde begge delar i seg sjølv i og med fornufta. Dette frontkolliderte sjølvsagt med kristen tru og tenking, men sjølv om det var eit sterkt straumdrag i tida, var det ikkje einerådande. Det var sterke kristne tenkjarar, og åndsimpulsane frå reformasjonen og pietismen levde sterkt, og gjorde seg ikkje minst gjeldande innan skulen og oppsedinga.

Ny oppseding

Ved at Luther la stor vekt på individet og den einskilde sitt samvit, vart både oppsedinga og forkynninga viktig. Kyrkjas autoritet vart langt på veg erstatta av Ordets autoritet. I oppsedinga vart foreldra og foreldreretten lagt til grunn. Bibelen og bibelkunskapen fekk stor plass, og det forma både trua, tanken og livet - tilsvarande som vi tidlegare har gjort greie for kristen tenking.

Sjølv om dette verka inn på samfunnet - særleg via den offentleg skulen som var kristent orientert, fekk kristendommen ikkje den dominante posisjonen i forhold til folk flest som før. Det vart etter kvart større avstand mellom dei som vedkjende seg kristen tru og kyrkja på den eine sida, og dei som ikkje vedkjende seg kristentru og samfunnet på den andre sidan. Dette er i stor grad tilfelle i vår tid.

Det vart også reist ein nokså sterk fornuftskritikk, særleg ut frå at fornufta kom til kort i møte med dei fundamentale, etiske, evige og guddommeleg spørsmåla. Dette kombinert med at den naturvitenskaplege eller biologiske oppfatninga av livet, samfunnet og tenkinga vart dominante, gjorde at tenkinga i stor grad fekk ein praktisk funksjon og vart handlingsretta. Det fekk konsekvensar på alle livets område.

Den som i nyare tid truleg har hatt sterkest påverknad på tenkinga, menneskesynet og samfunnet er Charles Darwin med sin evolusjonsteori, som er reink naturalistisk i si orientering og utan rom for eller behov for Gud.

2.4 Darwinismen og samfunnet

På det naturvitenskaplege område er det mykje som har vist seg å vera allment og ukontroversielt kristent sett, slik som naturlovene, sjølv om mangt var revolusjonerande då det vert oppdaga. På andre felt hevdar naturvitenskapen synspunkt som har store livssynsmessige konsekvensar og med det må setjast under eit kritisk søkjelys. Det gjeld i særleg grad darwinismen, som vi også omtalar som evolusjonsteorien eller utviklingslæra.

Darwinismen har to sider ved seg: Først det reint naturvitenskaplege og dernest teoriens konsekvensar for tenkinga og menneskesynet. Nokre vil avgrensa evolusjonslæra til det reint naturvitenskaplege, og vil ikkje vera med på at teorien har omfattande tankemessige fylgjer for oppfatninga av mennesket og samfunnet. Det er likevel i røynda vanskeleg å unngå denne samanhengen, anten han er medviten og gjennomtenkt eller umedviten og ureflektert.

Vi skal her ikkje gå grundig gjennom utviklingslæra som naturvitenskapleg teori, og med det heller ikkje ta opp dei mange svake punkta i denne læra. Vi vurderer med det ikkje darwinismen opp mot den bibelske skapingslæra, som vi kort har gjort greie for tidlegare. Vi vil avgrensa oss til å peika på eit par grunnleggjande punkt, og særleg ta opp nokre moment når det gjeld av fylgjene evolusjonsteorien har for tenkinga, og med det for menneskesynet og samfunnet.

Tilfeldig utvikling

Djupast sett forklarer ikkje utviklingslæra korleislivet vart til, men seier at det oppstod på ei tidspunkt reint tilfeldig. Etter det har det skjedd ei utvikling som har ført til det mangfaldet av livsformer og artar vi har no, og den utviklinga som har vore, vil halda fram for all tid. Som opphavet var tilfeldig, er utviklinga tilfeldig og det nivået dei ulike organismane er på no, er mellombels. Ikkje noko er vilja, styrt, absolutt eller målretta. Ei kvar livsform eller ein kvar dyreart er på ei kvar tid på eit tilfeldig stadium i utviklinga, det gjeld også mennesket. Det heile skjer reint materialistisk eller nationalistisk, ikkje vilja eller gudstyrt.

Evolusjonsteorien går i hovudsak ut på at alt liv starta i den same organismen, og har derifrå utvikla seg ved mutasjonar, altså sprang frå ein art til ein anna, og ved tilpassing til det ytre miljøet ved naturleg utval eller den sterkastes rett. Vitskapleg er det eit faktum at det ikkje finst kjende døme på at det frå ein art har oppstått ein ny art. Derimot skjer det konstant utvikling eller foredling innan artane, både ut frå naturen sjølv og menneskestyrte. Det siste har vi eit godt døme på i når det gjeld lakseoppdrett og foredling av laksestammar.

Om vi tek hund eller ku som døme, har desse artane vorte utviklinga i ulike retningar opp gjennom tidene, men dei er og vert hund og ku. Det har aldri skjedd noko utvikling frå hund eller ku til ein annan dyreart.

Menneske er bare dyr

Det er to grunnleggjande spørsmål knytt til utviklingslæra. Det første går på at det ikkje vert gjort skilnad mellom dyr og menneske, alle levande vesen har same opphavet. Det gjer at menneskeverdet ikkje vert unik i høve til øvrig liv i naturen, og mennesket står med det ikkje til ansvar for noko eller nokon over seg sjølv. Menneskesynet og menneskeverdet vert då reint nationalistisk og biologisk, og forskjellen til dyreverden vert reint praktisk eller pragmatisk.

Dette endar naturleg i eit agnostisk eller eit ateistisk livssyn. Mennesket vert sin eigen herre med utgangspunkt i det tilfeldige.

Dette bryt fundamentalt med det kristne menneskesynet som seier at mennesket er skapt i Guds bilete og står ansvarleg for Gud og med forvaltaroppdrag på jorda, med alle dei fylgjene det har - slik vi tidlegare har gjort greie for med tanke på skapninga og menneskesynet.

Utan mål og meinung

Det andre går på at mennesket som alt anna vart til tilfeldig, ved rein slump. Det inneber at mennesket ikkje har vorte til med mål og meinung. Dette gjer det prinsipielt umogleg å tilleggja menneskelivet mål og meinung. Menneskelivet er i utgangspunktet meiningslaust og mållaust, og utan ein vilja start eller eit vilja opphav. Om ein spør etter meiningsa med livet, må den grunngjenvæst reint praktisk og pragmatisk og det er uhyre vanskeleg - for ikkje å seia umogleg - om det skal ha berekraft i seg for tenkjande menneske.

Dette bryt fundamentalt med den kristne tanken om at Gud har skapt mennesket ut frå sin vilje, med mål og meinung. Guds vilje var at mennesket skulle tilhøyra han, tena han og leva evig, slik vi tidlegare kort har gjort greie. Mennesket kan då orientera seg ut frå eit vilje utgangspunkt, finna meinung i livet og ha eit mål for livet - både her på jorda og evig.

Egoisme

Darwinismen har med dette to fundamentale problem knytt til seg ut over det reit naturvitenskaplege og biologiske, og med konsekvensar for menneskelivet og samfunnet. Det første er problemet som oppstår når mennesket ikkje har eit absolutt verd, men er del av «kampen for tilværelsen» på line med alle levande organismar. Det fører lett inn i det vi kallar for sosialdarwinisme og rasehygiene, sjølv om dei fleste darwinistar ikkje vil gå den vegen. Det skaper ei nedvurdering av det svake, også det svake mennesket - både født og ufødt. Det opnar for soteringssamfunnet og for egosime.

Inga meinung

Det andre er den mangel på meinung i og mål for livet som ligg i det tilfeldige. Når ein ikkje har eit fast og vilje utgangspunkt, har ein ikkje noko å festa tanken i eller orientera denne ut frå. Når det heller ikkje er noko meinung eller mål for det heile, vert det lite eller ingenting å leva for, og ein endar i pessimisme og destruksjon. Då er vegen kort til det likegyldige, til depresjon og i siste instans til sjølvomord. Dette er ikkje problemstillingar som normalt vert rekna inn under darwinismen, men dei fylgjer logiske og med tvingande makt av denne - anten folk er klar over det og tenkjer slik, eller ikkje.

Det er altså umogleg å vurdera å vurdera utviklingslæra som ein rein naturvitenskapleg teori. Darwinismen har konsekvensar for tenkinga, menneskesynet og samfunnet - og det ser vi svært tydeleg hjå oss i dag. Vi er svært sterkt påverka og prega av utviklingslæra, ikkje minst sidan denne har fått ein dominerande plass i skulen og ved at dei livssyna som styrer det meste av den politiske tenkinga er bygd på darwinismen.

Darwinismen går naturleg saman med den såkalla positivistiske filosofien der ein berre vil tenkja ut frå den kunnskapen ein har frå erfaring, og der tenkjemåte, normer og livsførsel med det kan endrast etter som den faktisk situasjonen endrar seg. Utviklingslæra går også godt saman med ei orientering ut frå samfunnet og dei sosiale forholda, altså ei sosiologisk tilnærming til livet. Ved at evolusjonsteorien i sitt vesen er ateistisk legg han dessutan til rette

for eit marxistisk livssyn som orienterer seg einsidig og dennesidig ut frå arbeidet og mennesket. I sum fører alt dette til ei verdsleggjering av mennesket og samfunnet.

Det største problemet med evolusjonsteorien er med andre ord ikkje det naturvitenskaplege, men dei livssyns- og samfunnsmessige sidene. Det endar i rein naturalisme og materialisme, utan plass for Gud og mennesket som åndsvesen. Det kjem vi attende til når vi ser meir konkret på dagens samfunn.

2.5 Liberalteologien og vantrua

Frå opplysningstida og ut over var det ikkje berre det at kyrkja miste makt og påverknad i samfunnet og at menneskets fornuft og naturvitenskapen overtok, det skjedde også endringar innan kyrkja som hadde konsekvensar for kulturen og samfunnet. Det vaks i delar av kyrkja fram nye haldningar til Bibelen, eit nytt bibelsyn - og med det nye og liberale læreoppfatningar og ei fornuftorientert forkynning.

Kritikk av Bibelen

Tidlegare hadde ein innan kyrkja og teologien hatt tillit til at Bibelen er Guds ord og med det påliteleg, openberrar Gud, Guds vilje og frelsa, har autoritet og er norm for livet. Dette endra seg ved at vi fekk eit bibelsyn som vi kallar historisk-kritisk. Det medførte eit kritisk og vurderande forhold til Bibelen, der ein gjennom forsking måtte finna ut kva ein kunne stola på i Bibelen og med det kva som var forpliktande for trua og livet.

Fornuftens dommar

Denne bibelkritiske haldninga gjorde at mange teologar let seg påverka av tankeretninga utafor Bibelen og let seg styra av fornufta, noko som gjorde at dei kom på kollisjonskurs med det Bibelen faktisk seier på ulike område. Slik sett kjende mange seg fri frå sjølve ordlyden i Bibelen, og meir orienterte seg ut frå at det var tankeinnhaldet eller idéane i Bibelen som var Guds ord - og for å finna ut av dette var fornufta avgjerande. Med det vart mennesket og dets fornuft dommar over Bibelen som Guds ord.

Denne bibelkritiske og liberale haldninga kombinert med trua på menneskets fornufta førte til endra læreoppfatning på viktige punkt, og vi fekk det vi kallar liberalteologien. Sidan denne teologien ikkje i eitt og alt var forplikta på Bibelens ord, men i stor grad styrt av fornufta, fekk vi ulike utgåver av han alt etter som ulike teologar tenkte og trudde. Det var likevel nokre punkt som gjekk att, og det mest grunnleggjande var altså den kritiske haldninga til Bibelen som Guds ord, og det at ein omtolka det som kom i strid med fornufta og tankane i tida. Då fekk ein problem både med at Jesus var sann Gud og at han døydde i vår stad.

Strid i kyrkja

Dette bar i seg ei fornekting av sjølve evangeliet, og der bibelkritikken og liberalteologien fekk innpass, fekk vi ei anna forkynning og undervisning enn det kyrkja hadde stått for. Dette skapte mykje strid innan kyrkja, og det førte til at mange forfattarar og andre kulturpersonlegdommar tok avstand frå kristentrua og tenkte og skreiv ut frå si eiga fornuft. Vantrua fekk med det stort spelrom både i kulturen og i skulen, og med det i samfunnet generelt - og faktisk til ei viss grad i kyrkja.

Totalt sett var ein no komen i den kulturelle situasjonen at mennesket hatt vorte stort i eigne augo, og hadde svært stor tru på seg sjølv og si eiga fornuft. Det hadde slik sett vokse fram ei nytt menneskesyn der syndefallet og Guds ord i Bibelen hadde fått mindre å seia. Dette gav seg utslag på mange område, og det første også til mykje kamp og mange omveltingar her i landet på slutten av 1800-talet og byringa av 1900-talet.

3 Brytingstida i Noreg rundt 1900

Ikkje noko land utviklar seg isolert frå det som skjer i landa rundt. Det gjeld på alle område - religiøst, kulturelt og samfunnsmessig, om enn i forskjellig grad. For Noreg sin del er det særleg utviklinga i Vest-Europa som har påverka og vore med og forma tenkinga og samfunnet. I vår tid er påverknaden i langt større grad av global karakter fordi kommunikasjonane idag er heilt annleis enn før både når det gjeld reising og media.

Vi har no drege nokre liner gjennom den utviklinga som har vore på kontinentet vårt, og sett at det har skjedd store endringar - særleg frå opplysningstida og utover. Generelt har kristentrua, Bibelen og kyrkja mista makt, posisjon og påverknad, medan mennesket, fornufta og naturvitenskapen har kome i sentrum og har fått formande makt.

Sidan Noreg ligg i utkanten av Europa, har det som skjedde på kontinentet ofte kome nokre år i etterkant hit. Den store brytingstida kom rundt forrige århundreskiftet, slik at vi kan bruk år 1900 som orienteringspunkt for den fundamentale endringa som skjedde. Vi må truleg tusen år tilbake, til kristninga av landet, for å finna ei tilsvarende omforming av kulturen og samfunnet. Endringa er omtalt som eit hamskifte.

Sidan vi hadde sterke kristne tradisjonar og sidan det var eit omfattande kristent arbeid parallelt med at dei ny europeiske tankane nådde kysten vår, tok det ei tid før den nye tenkinga og vantrua nådde inn i folket. Det var i første omgang den kulturelle og politiske eliten som vart prega av det nye, men det gav samstundes opne dører inn i samfunnet. Noko av det har først dei siste to-tre tiåra fått skikkeleg gjennomslag og fotfeste på grasrota.

3.1 Nasjonsbygginga og kulturen

Slutten av 1800-talet og byringa av 1900-talet stod i omforminga sitt teikn, og det var store endringar økonomisk, samfunnsmessig, kulturelt, nasjonalt og kristent sett. Det nasjonale frigjøringsverket som starta med Grunnlova i 1814 kulminerte med unionsoppløysinga i 1905, slik at vi på nytt var eit fritt og sjølvstendig kongedøme. Det gav ein ny dimensjon til det politiske arbeidet. Vi gjekk samstundes frå å vera relativt økonomisk fattige og tilbakestående i Europa til få langt betre økonomiske kår og ein ny posisjon internasjonalt. Det skjedde tekniske nyvinningar og etter kvart voks industrien fram, og med det vart landet i stadig mindre grad eit bondesamfunn.

Diktatar og kunstnarar

Landet var gjennom ei sterkt nasjonsbygging, og i denne stod diktarane og kunstnarane sentralt, saman med den politiske leiinga. Med det fekk kulturen stor innverknad på samfunnsutviklinga. Fleire av dei store diktarane var like mykje samfunnsaktørar som dei var forfattarar. Vi som lever i ei kunnskaps- og mediatida som vår, har vanskeleg for å forstå kva

innverknad einskildpersonar som Arne Garborg og Bjørnsstjerne Bjørnsson - særleg den siste, kunne ha i si samtid.

Generelt var diktatar og kunstnarar i utgangspunktet kristent orienterte i si tenking, sitt forfattarskap og i sin kunst. Med det var kulturen grunnleggjande sett kristen, og hadde med det kristen påverknad på samfunnet saman med kyrkja, skulen og lovgjevinga. Samfunnet var difor fram til no i hovudsak eit homogent kristent samfunn, og vi omtalar dette som vår kristne kulturarv.

Då dei nye og fornuftsbaserte tankane frå Europa nådde landet vårt mot slutten av 1800-talet, endra dette seg. Fleire skifte haldning og vart kristendomskritiske og menneskeorienterte. Det gjeld særleg Bjørnsson. Det vart i stor grad naturvitenskapen og darwinismen som danna grunnlaget for den fornuft- og menneskeorienterte tenkinga, saman med dei filosofiske retningane som i større og mindre grad hadde lausrive seg frå Gud og kristentrua. Det gav ei fornuftsbasert framskriftstru.

I starten var nasjonsbygginga kristent orientert og fundert. Det ser vi ikkje minst i dei mange fedrelands- og nasjonalsongane. Etter kvart endra dette seg, slik at nasjonsbygginga kulturelt sett vart lausriva frå kristen tru og tenking, og delvis vart av motsett karakter. Det som låg i song- og salmeskatten vart likevel teke vare på med si kristne orientering, og det har vi framleis.

Nedtoning avkristentrua

Samstundes med at kulturen i stor grad lausreiv seg frå kyrkja og kristendommen, mista kristendommen etter kvart sin dominerande plass og formande makt også i skulestova. Det skjedde delvis ut frå at breidda i kunnskap auka og fleire fag skulle inn i skulen og fortengde kristendommens plass, og delvis ved ei medvita nedtoning av kristentrua som basis og rettesnor for oppsedinga. Det same gjaldt i den høgare skulen og på universitetsnivå. Tenking og oppseding vart stadig meir sekulær, og då skjedde det same i samfunnet.

Parallelt med denne utviklinga gjekk det føre seg ei utvikling av motsett karakter ved at det vokste fram eit sjølvstendig arbeid for indre og ytre misjon i kyrkja. Det engasjementet, den forkynninga og den vekkinga dette utløyste, verka også sterkt inn på samfunnet og nasjonsbygginga, om det enn ikkje fekk større innpass på det kulturelle området. Det gav ein ny dimensjon både i kyrkja og samfunnet.

3.2 Vekkingslivet og bedehuset

Pietismen

Etter kristninga av landet vårt rundt år 1000 fylgte kyrkja og kristentrua her i landet omtrent utviklinga i det europeiske kyrkjelivet, og vi vart del av den evangelisk-lutherske kyrkja ved reformasjonen på 1500-talet. Frå rundt år 1700 vokste det i Europa fram ei sterk kristen åndsrørsle som vi kallar pietismen. Denne la stor vekt på personleg kristentru og personleg kristenliv, på Bibelen som Guds ord og forkynninga, den kristne forsamlinga, kristent skulearbeid, kristent hjelpearbeid og misjon.

Noko av dette kom også til landet vårt ved at den dansk-norske kongen var påverka av pietismen med tanke på samfunnet og lovgjevinga, men det var først ved Hans Nielsen Hauge rundt år 1800 det slo gjennom for fullt i Noreg. Noko av det nye ved pietismen og

haugianismen var at lekfolk, altså den einskilde kristne, vart engasjert i det kristne arbeidet, vitnetenesta og forkynninga. Tidlegare hadde det vore knytt til presten og kyrkja.

Fri frå kyrkja

No fekk vi eit kristen arbeid som var fritt i høve til kyrkja. Rett nok hadde lekfolk den første tida ikkje lov til å forkynna utan at presten hadde tillete det. Dette endra seg etter kvart, og vi fekk eit sterkt lekmannsarbeid. Dette førte til at vi fekk kristne organisasjonar og bedehusa.

Det var mykje umoral blant folk og det var ofte liten kristen kunnskap, trass i opplæringa i skulen og ved konfirmasjonen. Når folk vart kristne, førte det difor ofte til stor endring av livsførsel. Det starta ved haugianismen og det fekk enda større gjennomslag ved dei store vekkingane som gjekk over landet siste halvdelen av 1800-talet og fram til rundt 1920. Vekkingane endra folk sin tankegang og livsførsel så radikalt at det ofte førte til endring av heile bygdelag og hadde med det stor innverknad i samfunnet. Dessutan starta kristenfolket ulike typar sosialt arbeid og skullearbeid, i tillegg til det som gjekk på forkynning av Guds ord

Haugianismen la også stor vekt på arbeidet og samfunnsansvaret. Det førte til at mange kristne engasjerte seg i samfunnet og i politikken. Kristen tenking fekk med det innverknad på samfunnsutviklinga, sjølv om kulturen i stor grad var upåverka av vekkingane og ofte verka mot kristendommen. Det var fleire kristne stortingsmenn og regjeringsmedlemmar som betydde mykje.

Bedehus

Den første tida samlast det kristne lekfolket seg rundt om i heimane, men frå midten av 1800-talet byde dei eigne forsamlingshus - bedehus. Desse vart ofte bygde etter at det hadde gått vekking over ei bygd, og det vart reiste særleg mange på byrjinga av 1900-talet - altså i den sterkeste perioden for nasjonsbygginga.

Bedehuset vart ei åndsmakt i samfunnet, trass i at kultureliten ofte harselerte med bedehuset og det som skjedde der. Bedehuset fekk ikkje berre ein sentral posisjon ved at kristenfolket samlast der til bøn og forkynning av Guds ord, men også fordi det lenge var det einaste forsamlingshuset i bygda. Bedehuset var ope for alle typar arrangement som kristenfolket rekna for positive for samfunnet. Det som ikkje fekk plass på bedehuset, hadde ofte ikkje nokon alternativ stad å halda til. Dessutan gav styrearbeid, møteleiing og ulike typar aktiv deltaking på bedehuset god opplæring også til ulike typar deltaking i samfunnet. Det førte til at etter måten mange kristne fekk posisjonar og påverknad blant folk flest.

Kristent sett er det også viktig å peika på at det skjedde mykje bøn på bedehuset og i heimane knytt til vekkingslivet og lekmannsarbeidet. Det hadde også samfunnsmessig effekt, sjølv om vi ikkje kan etterprøva eller påvisa det konkret. Det intense bønearbeidet som skjedde i tilknytting til arbeidet med unionsoppløysinga var heilt sikkert medverkande til at det heile skjedde utan krig eller maktbruk av noko slag.

Vi har peika på den bibelkritikken og liberalteologien som voks fram og fekk makt i kyrkja, men det er viktig å understreka at det ikkje gjaldt lekmannsrørsla og bedehuset. Her heldt ein fast på tilliten til Bibelen som Guds ord, den læra kyrkja tradisjonelt hadde stått for og på forkynninga av Ordet. Med dette hadde bedehuset og dei kristne organisasjonane også ei viktig rolle å spela innan kyrkja, og for at bibeltru kristendom vart halde oppe og fekk innverknad i samfunnet, ikkje minst gjennom skulen ved kristne lærar og kristendomsundervisninga.

Vekkelse og vantru

Ofte vert det sterke kristne engasjementet, det fornya bønelivet og den omfattande forkynninga som kom utover 1800-talet og som vokser seg særleg sterkt på byrjinga av 1900-talet, oversett og undervurdert når vi talar om samfunnsutviklinga og nasjonsbygginga i denne perioden, og tilsvarande får kulturen med diktarane i spissen ein for dominante plass. Like fullt er det slik at den fornuftsorienteringa og vantrua som kom til oss frå Europa på denne tida, fekk stadig sterkare tak i folket. Det viser utviklinga ut over 1900-talet, særleg i mellomkrigstida og rundt tusenårsskiftet.

Trua ei privatsak

Utviklinga bar i seg ei verdsleggjering av samfunnet med lover i strid med Guds vilje, og kristentrua vart gjort til ei privatsak som ikkje skulle ha nokon plass i det offentlege rommet eller i samfunnet og politikken. Samstundes skjedde det ei liberalisering av kyrkja med vranglære og ei bibeloppløysing som gjorde at Guds ords etiske makt i samfunnet og folket vart sterkt redusert. I det heile mista kristendommen stadig - om enn ofte nokså umerkande - posisjon og makt i landet. Det føregjekk ei omfattande og generell sekularisering, og etter kvart ei ny religiøs eller åndeleg orientering av individualistisk karakter.

4 Utviklinga i Noreg etter 1900

Det er alltid slik at både kulturen og samfunnet utviklar seg. Dei tankane som er i folket, er stadig i endring og det kjem nye til. Ofte lever også ulike oppfatningar side om side og utfordrar kvarandre.

Vi har no sett på dei tankeretningane som utvikla seg i Europa over lang tid, og som kom til Noreg rundt år 1900. Dette la grunnlaget for det som skjedde vidare, men samfunnsutviklinga tok nok på fleire måtar ei anna lei enn det mange hadde tenkt. Når gudstrua mista posisjon i samfunnet og fornufta fekk overtaket, vokser det fram livssyn og politiske ideologiar som ikkje hadde vore før. Dette sette sitt preg på samfunnet i mange land, og det fekk også store konsekvensar for landet vårt, sjølv om det kom enda sterkare til uttrykk andre stader.

4.1 Framskrittstru og krig

Det vert gjerne sagt at religion ofte er årsak til krig, og det er mange døme opp gjennom historia på at det er tilfellet. Islam har ei særleg därleg historie på dette området, fordi det ligg i islam å utbreia trua med politisk og militær makt. Det har vi også sett i Europa, men her har vi dessutan hatt krigar med utgangspunkt i kristendommen. Dei to store verdskrigane vi hadde på 1900-talet, med utgangspunkt i Tyskland, hadde likevel eit anna opphav - og då i strid med slik mange tenkte utviklinga skulle bli.

Framskritt

Både ut frå den filosofiske og den naturvitenskaplege tenkinga som hadde vokse fram, hadde det oppstått stor tru på framtida. Tanken var at alt skulle utvikla seg positivt, slik at livet stadig vart betre. Vi seier gjerne at det var ei sterkt framtid- og framskrittstru. Denne grunna seg i trua på mennesket, mennesket sine evner og fornufta.

Denne tenkjemåten og trua fall godt inn i eit darwinistisk skjema, der sjølve idéen er at alt konstant går framover mot det betre. Det som ikkje passar inn i dette biletet, går til grunne. Evolusjonsteorien passa med det som hand i handske til framskrittstrua og forsterka denne.

Skuffelse

Det viste seg at dette ikkje heldt stikk. Utviklinga vart annleis enn kultureliten og mange med dei hadde tenkt, og til dels heilt motsett. Kristent sett var grunnen til dette at ein såg bort frå syndefallet og synda, og med det ikkje tok på alvor den vondskapen som ligg i mennesket og i tilværet generelt. Når Gud og Guds ord vart sett til sides, og mennesket baserte seg einsidig på seg sjølv, si eiga fornufta og utviklinga i naturen, fekk menneskefiendtleg krefter og øydeleggjande ideologiar sterkare makt. Det skapt ein normopløysande kultur og gav rom for negative krefter i samfunnet og politikken.

I staden for å få ei fredeleg utvikling med kulturell og økonomisk vekst, fekk Europa den første verdskrigen. Det er vanskeleg å tilskriva den nokon bestemt ideologi, utover Tysklands ønskje om og vilje til ekspansjon og erobring med utgangspunkt i det tyske folket. Resultatet var drepte i tusenvis, og mykje liding og sorg. Den var stikk i strid med den optimistiske framskrittstrua. Mennesket var ikkje så humant og fornuftig som ein ville ha det til.

Sjølv om landet vårt ikkje var direkte involvert i den første verdskrigen, merka vi dei negative konsekvensane også her i landet. Det vi nok merka enda sterkare, var dei økonomiske nedgangstidene som kom på 1920- og 30-talet, i det vi kallar mellomkrigstida. Då var det eit økonomisk krakk. Det ført med seg mykje arbeidsløyse og med det økonomiske og personlege problem for mange. Heller ikkje dette svarte til den framskrittstrua som låg i fornufta, vitskapen og evolusjonstenkinga.

Ideologiar

I denne situasjonen voks det fram to store og øydeleggjande politiske ideologiar: kommunismen og nazismen. Den første kom særleg til å prega Aust-Europa og den siste Tyskland. Det er både ulikskapar og slektskap mellom desse to ideologiane, men vi skal ikkje gå djupare inn på det. Vi slår berre fast at begge førte med seg mykje liding og død. Dei tok menneskeliv i millionvis.

Kommunismen

Hovudgrunnen til dette er at både kommunismen og nazismen inneber ei nedvurdering av mennesket og menneskeverdet. Mennesket vert på sett og vis middel i staten og styresmakta sine hender. Kommunismen byggjer på eit marxistisk livssyn som orienterer seg ut frå mennesket, arbeidet og produksjonsmidla, der alt er underlagt samfunnet, og individet får med det ikkje sin rettmessige plass. Det heile er løyst frå Gud, og all religion og gudstru vert rekna som skadeleg og som noko som bind og undertrykkjer folk.

Resultatet var at styresmakta vart diktatorisk og tyrannisk, der det vart styrt med tvang, og der alle som ikkje innretta seg etter ordre, vart fengsla og mange vart drepne. Dette førte til tilbakegang i samfunnet og for den einskilde, stikk i strid med den framskrittstrua som vokt fram av opplysningsstida. Her i land fekk marxismen og kommunismen aldri skikkeleg tak i folket, og denne ideologien kom heller ikkje til makt i samfunnet - sjølv om det var klare og sterke tendensar i denne retninga.

Nazismen

Den andre store og øydeleggjande ideologien var nazismen. Dette var eit rasistisk livssyn som bygde på at den ariske rasen var andre folk overlegen og med det måtte få livsrom på bekostning av andre. Andre folkeslag stod lågare, og aller nederst stod jødane. Difor utvikla nazistane eit særleg jødehat som resulterte i at seks millionar jødar vart drepte i det vi kallar Holocaust. Nazismen er med det rasistisk og antisemittisk i sitt vesen.

Nazismen er særleg knytt til Adolf Hitler, og han fekk stor oppslutning og makt fordi han midt i økonomiske nedgangstider med arbeidsløyse og mykje umoral i samfunnet lova betre tider, og i første omgang betra han samfunnsforholda i Tyskland. Nazismen eller nasjonalsosialismen førte raskt til ein overmotig tankegang på det tyske folks og den ariske rasens vegner, og det førte til ny verdskrig - og enda meir liding og død enn i den første. Denne gongen vart også Noreg drege med i krigen, og det oppstod nazistiske og nasjonalistiske miljø her i landet, sjølv om dei ikkje vart dominerande.

Nazismen er kanskje det aller sterkeste slaget mot framskrittstrua og mot ei evolusjonistisk oppfatning av livet og historia, særleg sidan denne oppstod i eit folk høgt på den kulturelle stigen, og der mange av dei fremste tenkjarane var fostra og hadde verka. Nazismen, nasjonalsosialismen og nasjonalismen knytte gjerne til kristendommen, men då på ein slik måte at denne vart teken i nasjonens og styresmaktas - føraren - teneste. Gud vart gjort til ein tenar for den sterke mannen og den ariske rasen.

Nazismen eller nasjonalsosialismen vart nedkjempa i og med krigen, og denne ideologien har aldri fått makt etter den tida - sjølv om det stadig er nazistiske grupper som gjer seg gjeldande. Kommunismen derimot hadde lengre levetid, og var i Aust-Europa dominerande til fram mot slutten av forrige århundre. Dessutan lever ulike former for kommunisme vidare i Kina og i Mellom- og Sør-Amerika. Marxismen har i tillegg gjev seg utslag i andre former, slik som i sosialismen.

Sosialismen

Sosialismen har mykje av det same livssynet og den same statstenkinga i seg som kommunismen, men i avdempa form, slik at makt- og tvangsbruken vert mindre og annleis. I den forma vi kjenner den marxistiske sosialismen her i landet, skjer styringa ikkje med militær- eller politimakt, men med lovgjeving og økonomi. Statsmakta vert like fullt sterk, og det vert problem med den individuelle fridomen og familien - slik vi såg det var i det gamle Hellas. Også denne maktenkinga og einsrettinga i styringsmåten er problematiske i forhold til trua på mennesket, fornufta og framskrittet - fordi ein vågar ikkje overlata styringa til den einskilde, men staten må ta seg av det og om nødvendig overstyra individet og familien.

Denne sentraliseringa, einsrettinga og måten å bruka makt på i samfunnet er kristent sett problematisk. Bibelen åtvarar generelt mot maktkonsentrasjon og einsretting - historia om bygginga av Babels tårn er det første og beste dømet på det (1 Mos 11,1-9). Det vert åtvart mot slik einsretting fordi det vil leggja press på den einskilde sitt samvit, og med det på eins lydnad mot Gud.

Slik maktkonsentrasjon og tankemessig einsretting innebera at staten får nesten guddomlege posisjon, og der folket må lyda staten på alle livsområde. I antikken kom dette til uttrykk i keisardyrkinga, medan det i vår tid kjem til uttrykk i absolutt lydnad mot staten og styresmakta., der staten har vorte ein slags far for alle, ein allfader. Bibelen viser oss at dette vil vert eit ekstra stort problem i endetida, ved at staten då vil opptre med stor grad av einsretting og krav om lydnad i det vi kallar det antikristelege riket (Op. 13,1ff; 17,7ff).

Dei utviklingstrekka og den situasjonen vi med dette kort har skissert med tanke på dei store linene og dominante ideologiane, var i klar motsetnad til kristen tru og tenking, men dei var ikkje einerådane. Kyrkje og kristendom gjorde seg sterkt gjeldande i samfunnet, og det medførte også kristendomsfiendtleg angrep frå kulturelt hald. Sidan mennesket er skapt til samfunn med Gud, vil religion og kristentrua gjera seg gjeldande til alle tider, både i oppgangstider og nedgangstider.

4.2 Kristendommens plass og kristendomsangrep

Både gjennom kyrkja, bedehuset, skulen og lovgjevinga hadde kristendommen ein sterk posisjon i folket og i samfunnet. Som vi har sett, vart posisjonen svekka på slutten av 1800-talet, og ut over 1900-talet vart den tendensen stadig tydelegare. Dette gjeld på to plan. Det eine er det som kan målast i kristendommens stilling i skulen og med tanke på lovgjevinga, og det andre gjeld den faktiske stillinga kristendommen har i folket med tanke på i kva grad folk innrettar seg etter kristen tru og tenking.

Frå ei side sett kan vi seia at kristendommen tapte makt i folket og kulturen før det første til store endringar i samfunnet. Kristendomsfaget var lenge sentralt i skulen og lovgjevinga bygde lenge på kristen etikk. Den siste tida synest det nesten å vera omvendt, at det er meir av positiv haldning til kristendommen enn det politikarane let koma til uttrykk i skulen og i lovgjevinga - der kristendommen no synest nesten å vera reinska heilt bort.

Rundt unionsoppløysinga i 1905 stod kyrkja og kristendommen relativt sterkt, sjølv om det i det politiske miljøet var negative krefter og sjølv om vantrua og liberalteologien rulla inn over oss frå Europa og trengde inn i kulturen. Det var likevel frå omlag 1920 og fram til andre verdskriga kristendomskritikken og den kristendomsfiendtlege haldninga verkeleg vokste fram med styrke, altså i det vi kallar mellomkrigstida. Krigen sette ein viss stoppar for dette, og utsette i nokre år den avkristninga som var på gang.

Radikalisering

Stor arbeidsløyse, dårlig økonomi og vanskelege sosiale kår - slik det i stor grad var i mellomkrigstida - fører ofte med seg ei politisk radikalisering, og slik gjekk det også i landet vårt. Industrialiseringa og framvoksteren av arbeidarklassen drog i same retninga, samstundes som det verka til sekularisering. Den politiske radikaliseringa var ideologisk bestemt. Det førte med seg ein skjerpa kultur- og moraldebatt. Livssynet gjekk i materialistisk lei. Vi har peika på utgangspunktet i utviklingslæra og marxismen, og i tillegg kom den materialistiske psykologien og psykoanalysen ved Sigmund Freud. Vi fekk også kvinnesak og kvinnefrigjering.

Tru ein privatsak

Det dannar seg ei politisk radikal og kristendomskritisk arbeidarrørsle, som etter kvart vart det vi i dag har i Arbeiderpartiet. Det var frå starten sterke kommunistiske tendensar i denne rørsla, men det vart etter forholdsvis kort tid skilt ut i eit eige politisk parti. Den kristendomsfiendtlege haldninga var nokså gjennomgående for arbeidarrørsla, og målet var å verdsleggjera heile samfunnet og alle livsområde for mennesket. Kristen tru skulle i høgda ha rom i det privatelivet og i kyrkja. Det har etter kvart utvikla seg til det sosialdemokratiske slagordet - som stadig fleire har slutt seg til, at *tru er ei privatsak*.

Tru som fordummande

Samfunnet og folks offentlege liv skulle vera utan religion og med det verdsleg eller sekularisert fullt ut. Edvard Bull, nestleiar i Arbeidarpartiet, skreiv i 1923: *Vi skal gjøre skolen verdsleg, likeså sykepleien og begravelsen og ekteskapet og fødselsregistreringen. Vi skal slåss uforsonlig med den bestående offisielle lutherdom, som med andre fordummende sekter.* Kristendommen vart altså oppfatta som fordummande, og alt frå fødsel til grav skulle gjerast verdsleg. Kristendommen skulle ikkje ha noko påverknad i samfunnet eller på noko livsområde.

Det programmet viste det seg vanskeleg å gjennomføra i første omgang, i alle fall på ein aktiv kristendomsfiendtleg måte. Det hadde sin grunn i at kristendommen var nokså grunnfesta i folket, og folks tenkjemåte var prega av kristen tru og etikk, slik at det ikkje var så lett å vinna gjennom med eit slikt program for sekularisering. Dessutan gjekk det store folkevekkingar over landet på 1930-talet og under krigen. Kristentrua var difor på framgang, og den som ville vinn inn i folket med eit politisk program, kunne difor ikkje gjera det i direkte konfrontasjon med kristendommen eller ved ei uttalt kristendomsfiendtleg haldning.

På toppen av dette kom krigen med alle sine problem, og då trøng folk noko å søkja hjelp og trøyst i, og det fann dei i kristentrua og kyrkja. Dessutan viste kyrkja - og Kristen-Noreg i det heile - seg som ei svært sterk motstandskraft til nazismen og okkupasjonsmakta, slik at kyrkja og kristendommen med det fekk ein sterk posisjon i folket.

Totalt sett fekk den kristendomskritiske og -fiendtlege haldninga mange skot for baugen rundt 1940, og med det fekk ikkje programmet for verdsleggjering av samfunnet det gjennomslaget som var tenkt - men det kom med styrke att seinare, om enn då i litt andre former og mindre aggressivt. Samstundes er det på 1930-talet mykje på gang både politisk og kulturelt av kristendomskritisk karakter og med tanke på å svekka kristendommens innverknad i samfunnet. Det er både ein kulturkamp og ein skulekamp.

Det var sterke krefter for å redusera og utvatna kristendomsundervisninga i skulen, og nye planar for kristendomsfaget og skulens verdigrunnlag generelt var på trappene, men vart forsinka på grunn av krigen. Det same gjaldt andre verdimessige område som samliv og abort.

Innan kulturen var det i mellomkrigstida svært kristendomskritiske element. Dei mest tydelege døma på dette er den store forfattaren Arnulf Øverland sitt føredrag *Krisendommen - den tiende landeplage* og teaterstykket *Guds grønne enger*. Samstundes var det i kulturen også sterke kristenkonservative innslag, ikkje minst gjennom den vekkingsrørsla som vi kallar *Oxfordrørsla* og forfattaren Ronald Fangen.

Motkrefter

Det som nok kristent sett var den sterkest motkrafta til dei kreftene som ville verdsleggjera samfunnet, var dei store vekkingane som gjekk over landet der tusenvis kom til kristen tru. Det førte med seg eit sterkt kristent arbeid, særleg knytt til bedehuset, og det vokste fram eit omfattande kristent barne- og ungdomsarbeid som kunne kompensera litt for reduksjonen av kristendomskunnskapen i skulen. Det andre var den sterke posisjonen kyrkja fekk under krigen.

Etter krigen, derimot, vart folk så opptekne med å atterreisa landet og samfunnet materielt og politisk, at interessa for kyrkja og kristendommen tapte seg. Mange hadde trudd at kyrkje og

bedehus skulle gå ei rik tid i møte etter krigen, i takksemd til Gud for fridom og fred. I stor grad skjedde det motsette, og folk vart stadig meir materialistiske og sekulariserte i si tenking og i sitt liv. Rett nok var det ein del vekking på 1950-talet og det var eit omfattande barne- og ungdomsarbeidet ut over 1960- og 70-talet, men det var ikkje nok til å motstå den avkristninga som var i gang i samfunnet totalt sett.

68-generasjonen

På 1960-talet vokste det fram ein politisk radikal og venstreorientert generasjon, særleg ved universiteta og i studentmiljøa. Dette var eit europeisk fenomen som også nådde landet vårt. Vi kallar dette for 68-generasjonen, og mange av dei gjekk inn i samfunnsmessig og ideologisk strategiske posisjonar. Med det fekk dei større innverknad i samfunnet enn dei burde ut frå kor mange dei var.

68-generasjonen såg seg som del av eit større frigjøringsprosjekt, og dette gjekk i hovudsak ut på å frigjera samfunnet og folket frå kristen tru og tenking, og føra dei over i eit materialistisk og sekulært livssyn, særleg av marxistisk og sosialistisk karakter. Frigjøringsprosjektet innebar også å redusera foreldra si makt og familien sin posisjon, og overføra makta og oppsedinga til samfunnet eller staten, og gjera oppsedinga naturalistisk og fri frå kristne normer.

Frå 1960-talet og utover kom også mykje av det som hadde vore framme i mellomkrigstida opp på nytt, om enn i første omgang i mindre aggressiv form - men med di større gjennomslagskraft. Kristendomsfaget i skulen vart kraftig redusert, trass i sterkt motstand i folket. I 1969 vart faget omdefinert frå å vera konfirmasjonsundervisning til eit vanleg skulefag, og etter det er faget både redusert og endra fleire gonger til kristendommen no i prinsippet er sett på line med alle religionar, livssyn og filosofiske oppfatningar - og der kristendommen ikkje lenger er rettesnor for det som skjer i skulen.

Livsrett og samliv

På dei to fundamentale livsområda som gjeld livsrett og menneskeverd, og samliv og ekteskap, kom også haldningane som var i ferd med å veksa fram i mellomkrigstida tilbake ved styrke. Det resulterte i friabortlova, som er ei fosterdrapslov - i strid med livsrett og menneskeverd, og i den såkalla kjønnsnøytral eller likekjønna ekteskapslova, som definerer homofilt og heterofilt samliv som Çekteskap på lik line - i strid med skaparordninga.

Generelt var utviklinga på slutten av 1900-talet nokså dramatisk med tanke på kristendommens plass og funksjon i samfunnet, ved at det som skjedde i samfunnet vart fundert på reint sekulær tenking, altså på evolusjonisme og menneskets fornuft, og kristentrua vart privatisert. Mykje av tenkinga vart basert på menneskerettane, slik desse vart formulerte av FN i 1948 - og desse vart tolka utan tilknytting til kristen tru og tenking. I denne samanhengen fekk Human-Etisk Forbund ein sterkt posisjon, trass i at det er ein livssynsorganisasjon med liten oppslutnad. Samstundes vokste det fram ulike nyreligiøse retningar og dei store verdsreligionane fekk innpass i samfunnet.

4.3 Menneskerettane og Human-Etisk Forbund

Merkeleg nok har menneskerettane, slik dei kjem til uttrykk i FNs menneskerettserklæring, fått ein posisjon i samfunnet som normative og som utgangspunkt for etisk tenking uavhengig

og delvis i opposisjon til kristendommen. Dessutan har den agnoscenske eller ateistiske livssynsorganisasjonen HumanEtisk Forbund (HEF) lagt desse rettane til grunn for si tenking og sin praksis, og på sett og vis fått eigedomssrett til dei.

Kristent opphav

Dette er i strid med desse rettane sitt historiske opphav og sitt saklege innhold. Vi har fleire menneskerettserklæringer, men den universelle er altså knytt til FN og går tilbake til 1948. Sjølv om menneskerettane i denne erklæringa er utarbeidd av ei religiøst, livssynsmessig og filosofisk samansett gruppe og er formulerte slik at dei kan fungera universelt, altså inn i ulike religiøse og kulturelle samanhengar, har dei i stor grad eit kristent opphav.

Dei rettane som slik er formulerte, vaks fram i Vesten, altså på kristen mark. Difor har andre religionar, særleg islam, til dels store problem med å akseptera og praktisera menneskerettane. Islam har difor laga eigne presiseringar, der dei tolkar eller omtolkar fleire av menneskerettane i lys av islam, særleg Sharia-lovgjevinga, og med det delvis gjev dei eit anna innhold enn det opphavelege. Det har sin grunn i at både gudsforståinga, menneskesynet og samfunnsoppfatninga er radikalt annleis i islam enn i kristendommen.

Det er kristendommen som har skapt den tenkinga om mennesket som vi møter i menneskerettane, og det vil over tid vera svært vanskeleg - truleg umogleg - å halda oppe menneskerettstenkinga om vi avskjer denne frå sine kristne røter. Dei vil turka ut som avskorne blomstrar.

Forløparane for FNs menneskerettserklæring finn vi både i den amerikanske fridomserklæringa og i den franske revolusjonen. I den første er den kristne orienteringa med utgangspunkt i Skaparen og skapinga heilt tydelege. I realiteten er kristendommens menneskesyn også grunnleggjande i det som skjedde i Frankrike, sjølv om ein der orienterte seg ut frå opplysningstida og mennesket.

Tilsniking

Det er difor ei tilsniking når HEF eller andre livssynsgrupperingar og politiske parti vil gjera krav på menneskerettane på sekulært grunnlag, og bruka desse til å fortrengja kristendommen frå samfunnet. Kristen tru og tenking går hand i hand med menneskerettane - og motsett, så lenge vi held oss til dei historisk formulerte rettane. Problemet er at ei no stadig omtalar etiske og politiske standpunkt som ein vil få allment og universielt gjennomslag for, som menneskerettar - altså sjølv om dei ikkje står i FNs menneskerettserklæring og trass i at dei er i strid med kristen tenking og etikk. Dersom vi held oss til FNs menneskerettar og den tenkinga som desse har vokse fram av, er det umogleg å få menneskerettar som er på kollisjonskurs med kristendommen.

HEF har difor fått ein urettmessig sterk stilling som premissleverandør for politikk og samfunnsutvikling. Det same gjeld all tenking som vil skyva kristendommen ut av samfunnet til fordel for menneskerettane. Resultatet har i alle fall vorte at samfunnet og tenkinga i stor grad er avkristna og sekularisert - trass i at mange er opptekne med åndelege og religiøse spørsmål. Det vart spådd at både folk og samfunn etter kvar ville kvitta seg med all religion, men det har ikkje skjedd – tvert imot. Det vil heller ikkje skje, fordi mennesket er skapt som eit åndeleg og religiøst vesen som er oppteke med Gud og æva - og difor finn vi mykje religiøsitet og mange religionar i folket.

4.4 Sekularisering og religiøsitet

Som vi har sett, har sekulariseringa hatt som grunnleggjande premiss at kristendommen - og helst all religion - skulle bort frå samfunnet og det offentlege rommet. Her skulle ein basera seg på fornufta (rasjonalismen), på det materielle (materialismen) og på vitskapen - særleg naturvitenskapen (evolusjonslæra). Tru og religion var per definisjon ei privatsak, og høyrd med det individet, heimen og den religiøse samanhengen til.

Religion skulle forsvinne

Tanken var at når samfunnet og alle grunnleggjande livsområde for mennesket vart sekulariserte, ville tru og religion forsvinna av seg sjølv, også kristendommen. Vi ville gå inn i ei religionslaus tid, og det ville etter naturalistisk og marxistisk tenking vera ein fordel, det ville frigjera mennesket. Slik gjekk det ikkje. Religionen viste seg å overleva alt.

Etter kvart har difor fleire store tenkjarar, som sjølv er sekulære og endatil ateistiske, kome til at religion må vera ein naturleg del av samfunnet, og at tenking og etikk med utgangspunkt i religion må vera legitim del av diskusjonen om korleis samfunnet skal vera og fungera. Rett nok er det ein del aggressive ateistar som går mot dette, og som vil gjea absolutt alt i samfunnet sekulært og det dei kallar livssynsnøytralt.

Mennesket er religiøst

Det er fleire grunnar til at spådommen om religionens bortfall viste seg å vera feil, og at religionen har vorte meir synleg - og delvis akseptert - i samfunnet enn tilfellet var i ein periode. Det grunnleggjande er at mennesket er skapt religiøst, at æva er lagt ned i menneskehjarta. Det kan både einskildpersonar, ideologiar og styresmakter undertrykkja for ei tid, men dei kan ikkje rydda det bort. Tru og religion vil stadig dukka opp på nytt, om enn i litt ulike former.

Den kristne arv

Når vi her i landet har ein tusenårig kristen kulturarv og tradisjon, er det neste uråd å koma klar den, eller viska ut spora som ligg her for tru, tenking og liv. Historia og kulturen - særleg litteraturen - og langt på veg samfunnet i det heile, vil stadig med innebygd kraft løfta fram kristendomen. Kristen tru og tenking vil spretta opp som ein ballong ein har trykt under vatn, når ein slepper taket eller taket glipp. Det er ein sekulær illusjon å tru at ein totalt kan fjerna kristendommen frå folk og samfunn med ein slik arv.

Det som har gjort det religiøse nærværet i samfunnet ekstra tydeleg i det siste, er den etter måten omfattande innvandringa vi har hatt nokre ti-åra. Det har kome folk frå nær sagt alle religionar, og nokre av desse har tydelege ytre kjennemerke på si religiøse tilknytting og dei utøver religionen sin openlyst i det offentlege rommet. Samfunnet har med det vorte meir religiøst prega, men også prega av langt større religiøs breidde og variasjon enn før. Vi seier gjerne at samfunnet har vorte fleirkulturelt og fleir-religiøst. Dei store verdsreligionane, særleg islam, har i nokre område og på ulike måtar vorte meir synlege enn kristendommen - sjølv om dei som tilhører desse religionane er svært få samanlikna med dei som har kristen tilknytting (omlag 90 prosent), men ateistane er enda færre.

Trusmix

Vi har peika på at ei hovudsak i postmodernismen er at ein ikkje opererer med ei absolutt sanning eller noko som er objektivt fastlagt for all tid og for alle menneske, men det heile er

individuelt og relativt. Det har på det religiøse området ført til at vi har fått eit utal av religiøse oppfatningar og retningar. Tru og religion vert ofte tilpassa eigne tankar og behov. Det pregar det vi kallar nyreligiøsitet, som tek opp i seg litt frå ulike religionar og lagar ein trusmix. Det gjeld også det vi kan plassera i samlesekken New Age, som har ei udefinert åndeleg oppfatning av tilvære som utgangspunkt, gjerne av panteistisk karakter. Mykje av det som går under nemninga nyåndeleg, er av same postmoderne slag.

Det som er tydeleg at eit reindyrka sekulært samfunn er i praksis umogleg, og det vil dessutan i sin konsekvens føra til undertrykking og forfølging. Tenkinga om samfunnet - særleg oppsedinga og lovgjevinga - er like fullt hjå oss i alle hovudsak sekulær, materialistisk og rasjonalistisk - der evolusjonslæra ligg i botnen. Den pluralismen og relativismen som ligg i postmodernismen vil samstundes gjera det svært vanskeleg å nå gjennom med kristen tru og tenking som absolutt og objektiv sanning, slik at dette forpliktar folk, samfunn og styresmakt. Det heile vert subjektivt orientert og forstått, og med det vert trua i stor grad privatisert og individualisert.

Kristne står difor overfor ei stor utfordring når det gjeld å vurdera samfunnet og det som skjer på ein kristen rett måte, og påverka dette i kristen lei. Då må vi i tillegg til å ha kunnskap om samfunnet og kulturen, også ha kristen kunnskap og innsikt ut frå Guds ord i Bibelen. Vi må prøva dei tankane, haldningane og levemåtanane som er i tida på Bibelen, særleg ut frå dei hovedelementa som vi skisserte i del I. Det skal vi i Del III prøva på når det gjeld noko av det som omgjev og påverkar oss sterkest. Vi skal kort og godt prøva å tenkja kristent om det samfunnet og den tida vi lever i, og korleis vi kan tenkja og leva kristent rett ei samfunn som er sekularisert, men der også religiøsitet blomstrar.